

# Søknad om tilskot til utgreiing og prosjektering

Søknaden skal du sende kommunen du bur i

## 1. Søkjar

Fødselsnr. rettkomen søkjar (11 siffer)	Søkjar – etternamn og fornamn	Telefon på dagtid	Mobiltelefon
Fødselsnr. føreset (11 siffer)	Søkjar – etternamn og fornamn	Telefon på dagtid	Mobiltelefon
Postadresse	Postnr.	Poststad	E-postadresse
Kommune			
Beskriv kort kvifor du treng ein tilpassa bustad			

## 2. Opplysningar om bustaden

Kryss av for type bustad			
<input type="checkbox"/> Einebustad	<input type="checkbox"/> Rekkjehus	<input type="checkbox"/> Blokk med heis	<input type="checkbox"/> Blokk utan heis
Kva er problemet i bustaden? Endringar som trengst. Bruk eige ark om nødvendig. Stad/rom			
<input type="checkbox"/> Tilkomst	<input type="checkbox"/> Entre	<input type="checkbox"/> Vaskerom	<input type="checkbox"/> Soverom
<input type="checkbox"/> Uteplass	<input type="checkbox"/> Bad/wc	<input type="checkbox"/> Stove	<input type="checkbox"/> Andre rom

## 3. Søknaden gjeld

Tilskot i samband med				
<input type="checkbox"/> Oppføring av ny bustad	<input type="checkbox"/> Kjøp	<input type="checkbox"/> Tilpassing	<input type="checkbox"/> Utgreiing	<input type="checkbox"/> Prosjektering

## 4. Andre opplysningar – kontaktpersonar

Ergoterapeut – namn	Etat	Telefon på dagtid	Mobiltelefon
Bydel			
Arkitekt eller annan fagperson v/prosjektering/utgreiing - namn	Telefon på dagtid	Mobiltelefon	
Postadresse	Postnr.	Poststad	

## 5. Underskrift

Eg stadfestar at opplysningane i søknadsskjemaet er riktige og fullstendige. Dersom det skjer endringar som kan ha noko å seie for behandling av søknaden, pliktar eg å melde frå om det. For å kunne ta stilling til søknaden må kommunen behandle dei opplysningane om deg/dykk som er nødvendig for å avgjere den. I tillegg til dei opplysningane som blir gitt i samband med søknaden, kan kommunen innhente ulike opplysningar frå andre offentlege etatar og nokre private aktørar slik som kredittvurderingsbyrå.

Stad	Dato	Underskrift søkjar
------	------	--------------------

## 6. Tilskot til utgreiing og prosjektering

Dersom du har behov for tilpassing av bustaden din i dag eller i framtida, for eksempel på grunn av nedsett funksjonsevne hos deg eller andre husstandsmedlemmer, kan du søkje om tilskot til profesjonell prosjekteringshjelp, utført for eksempel av arkitekt.

### Kor stort tilskot kan du få

Det er kommunen som vurderer kor mykje tilskot du kan få. Tilskotet kan vere økonomisk behovsprøvd og det er opp til den enkelte kommune å vurdere utmålinga av tilskotet.

### Tilskot til utgreiing

Kan bli gitt til enkle undersøkingar av eksisterande bustad og tilkomst til bustad, beskriving av den tekniske tilstanden på bustaden, arealbehov, mogelegheiter og avgrensingar og økonomisk

### Tilskot til prosjektering

Kan bli gitt til dekning av kostnader til fagleg bistand til prosjektering av både nye og eksisterande bustader, det vil seie til arkitekthonorar eller liknande. Tilskot kan bli gitt til prosjektering av velferdsteknologi. Prosjektering og utgreiing skal utførast av fagkyndig.

### Kven kan få tilskot til utgreiing og prosjektering

Tilskotet blir gitt til personar som har nedsett funksjonsevne og andre som har behov for tilrettelegging av bustaden. Du vel sjølv fagkyndig, men prosjektering av bustaden og eventuell utgreiing på førehand, må skje i forståing med ergoterapeut/bustadkonsulent i kommunen der du bur.

### Korleis søkje

Søknad sendar du til kommunen. Kontakt gjerne kommunen på førehand for nærare rettleiing. Ved underskrift av søknad gir du fullmakt til kommunen til å innhente kredittopplysningar.

### Eit godt råd før du engasjerer fagkyndig

Når du skal velje arkitekt eller fagperson som skal hjelpe deg med å planlegge tilpassing av bustaden din, er det greit å avklare følgjande, før du inngår avtale, særleg dersom arbeida er omfattande:

- om fagpersonen har erfaring med å planleggje tilpassing til spesielt behov
- om fagpersonen har nokon referanseprosjekt å vise til
- avklare omfanget av både utgreiing og prosjektering
- avklare kostnad for både utgreiing og prosjektering
- avklare eventuell avgrensing og varsel ved eventuelt avvik
- avklare tidsbruk

Når du skal inngå avtale om prosjektering er det vanleg at arkitekten/fagpersonen stadfestar oppdraget skriftleg. Den skal vise kva som er avtalt og bør omtale prosjektet sin art, storleik, mogeleg omfang av oppdraget og skal angi dei førebelse vilkåra for å utføre oppdraget.